

# «Det er så verdt det når man er ferdig»

Om refleksjon, djupnelæring og kritisk tenking i Holbergprosjektet

Ein lærarrapport frå deltaking i Holbergprisen i skulen 2021

Hildegunn Stokke Rasmussen

Spjelkavik vidaregåande skule

*Reflection is a way of maximising deep learning and minimising surface approaches.*

*(Clegg, 2012)*

## TAKK!

Er det litt pretensiøst å starte ein liten lærarrapport med ein takketale? Kanskje. Men samtidig er det jo fint å nytte sjansen til å takke litt når ein har den.

Eg vil gjerne takke kollega Eirik Holmen for godt samarbeid, oppmuntring og kloke innspel gjennom heile prosessen med Holbergprosjektet og i skrivinga av denne rapporten. Takk til forskarkontakt Marte Fanneløb Giskeødegård ved NTNU Ålesund for kyndig og god rettleiing av elevane våre. Takk til kollegiet på Vika for all støtte, velvilje og inspirasjon de har gitt og gir meg både i samband med Holbergprosjektet og elles. Og sist, men ikkje minst: takk til elevane mine i sosiologi og sosialantropologi som var med på ideen frå første stund, og som har lært meg så mykje.

## INNHALD

Takk! .....	2
1. Innleiing .....	4
1.1. Bakgrunn for deltaking .....	4
1.2. Tidlegare erfaring med elevforskning .....	4
1.3. Nokre særtrekk ved prosjektet vårt .....	5
2. Organisering av Holbergprosjektet .....	6
2.1. Å forske i ein pandemi og andre pedagogiske utfordringar .....	7
3. Refleksjon, djupnelæring og kritisk tenking .....	8
3.1. Refleksjon i Holbergprosjektet .....	9
3.1. Første refleksjon: refleksjon etter fagdag .....	9
3.2. Andre refleksjon: problemstilling, metode, etikk og validitet.....	10
3.3. Siste refleksjon: utvikling og sjølvtilitt .....	11
4. Konklusjon .....	13
Bibliografi .....	14
Vedlegg.....	15
Vedlegg 1: plan for prosjektet.....	15
Vedlegg 2: spørsmål til første refleksjonsoppgåve .....	16
Vedlegg 3: andre refleksjonsoppgåve .....	16
Vedlegg 4: refleksjonar etter innlevering av førsteutkast.....	17
Vedlegg 5: etisk komité .....	17
Vedlegg 6: prosjektskisse .....	18

# 1. INNLEIING

Elevane skriv sitt tredje refleksjonsnotat etter Holbergprosjektet, og eg tar meg tid til å reflektere litt eg og. I heile 2021 har alle timar i sosiologi og sosialantropologi gått med til dette prosjektet, og no er vi allereie godt i gang med mars månad. Er det forsvarleg bruk av mi og elevane si tid? Eg veit at mange har lagt inn mykje meir tid her enn på andre skuleprosjekt med tilsvarande karaktermessig utteljing, er det verd det for elevane? Mange av elevane har forska på medelevane sine, og i prosessen har dei brukt av tida til både elevar og andre lærarar på skulen. Om vi skal kunne forsvare denne tidsbruken, og all innsatsen som har blitt lagt ned, må læringsutbyttet vere større enn det vi ville fått gjennom ei standard forskingsoppgåve i sosiologi og sosialantropologi. Korleis har elevane si forståing og sjølvstendige tenking utvikla seg gjennom prosjektet?

I denne rapporten vil eg prøve å systematisere erfaringane frå prosjektet. Eg kjem til å fokusere på bruken av refleksjon, djupnelæring og kritisk tenking i prosjektet, og knyte nokre linjer til IB (International Baccalaureate) og fagfornyinga.

## 1.1. Bakgrunn for deltaking

Tanken om å melde seg på Holbergprisen i skulen dukka opp på eitt av dei første samarbeidsmøta i programfaget sosiologi og sosialantropologi ved oppstarten av skuleåret 20/21. Vi var to lærarar med kvar si sosiologigruppe, og vi søkte om å få bli med i Holbergprisen i skulen av fleire ulike årsaker. For det første var det noko både eg og min kollega hadde tenkt på tidlegare. Begge hadde brukt elevforskning som undervisningsmetode i ulike undervisningsfag, og ønska å vidareutvikle dette. Vi hadde dessutan erfaring frå IB (International Baccalaureate Diploma Programme) i høvesvis psykologi og historie, og hadde med oss ein del erfaringar derifrå som vi gjerne ville prøve å overføre til det norske systemet. Timinga var også interessant. Etersom fylkeskommunen hadde vedtatt å leggje ned IB-linja året før, var dette siste år med IB. Vi opplevde det som viktig å overføre noko av IB-erfaringa vår til det norske systemet, og dette prosjektet verka som ei god bru mellom tankegangen i dei to systema. Ikkje minst opplevde vi dette som viktig knytt til fagfornyinga; kjerneidear som djupnelæring, tverrfaglegheit, kritisk tenking og refleksjon har lenge vore sentrale i læreplanane på IB. På toppen av alt dette var vi også i gang med å etablere eit heilt nytt linjetilbod på skulen vår – eitt der forskning og kritisk tenking skulle stå sentralt. Det var altså mange gode årsaker til å søke, og gleda var stor då telefonen frå sekretariatet kom.

## 1.2. Tidlegare erfaring med elevforskning

I tidlegare erfaringar med elevforskning etter vanlege norske læreplanar, har eg ofte blitt sittande igjen med ei kjensle av at dette vart litt halvvegs. Elevane er ofte opptatt av å bli fort ferdige (forståeleg nok), og vel ikkje alltid dei beste strategiane. Eit typisk scenario er ei elevgruppe som kjapt lagar eit

spørjeskjema, sender det ut, og først etterpå ser kva dei burde gjort annleis. Ofte samlast dei kort i gruppene for å fordele oppgåver, og deretter snakkar dei lite i lag før rapporten skal syast saman. Teorien kjem sjeldan inn før seint i prosessen, og det blir vanskeleg for dei å kople saman teori og empiri. Sjølv om det ligg ein del god læring i prøving og feiling også, har eg kjent på at dette ikkje var godt nok pedagogisk handverk frå mi side. Rett nok har eg alltid oppfordra til å finne teori først, og å jobbe grundig med t.d. spørjeskjema før utsending. Men i ein travel skulekvardag er det lett at elevane fell tilbake på dei strategiane dei har brukt før.

Erfaringa mi frå IB er annleis. Der skal alle elevar gjennomføre eit forskingsarbeid (internal assessment) i kvart fag. I mitt fag, psykologi, er kravet at dei skal gjennomføre eit eksperiment og skrive ein rapport. Her er krava til rapporten både strenge og tydelege. Inspirert av lærarkollegaer rundt om i verda har eg etter kvart fått til eit opplegg rundt dette som fungerer godt. Vi brukar ganske mykje tid på prosessen, og legg opp til eit løp der vi mellom anna fokuserer på eitt område (t.d. innleiing) kvar veke. Ei typisk veke kan då starte med ei kort førelæring om eit emne, før elevane får tid til å arbeide med denne delen av rapporten. I tillegg leverer alle elevar ein prosjektplan i starten av prosessen som må innehalde teori og tidlegare forskning. Dei må og gjennom ein etisk komité (med elevar frå andre grupper) før dei får lov å setje i gang med forskinga. I tillegg til rettleiing i timane, leverer alle elevar eit førsteutkast som dei får tilbakemelding på.

Ei anna erfaring frå IB som også har vore nyttig her, er fordjupingsoppgåva (extended essay) som alle elevar skriv i eitt av faga sine. Her er det lagt opp til tre formelle refleksjonar gjennom skriveprosessen. I den siste av desse, den såkalla *viva voce*, er målet først og fremst å reflektere over kva ein har lært gjennom skriveprosessen, og å ta seg tid til å kjenne på stoltheit over det ein har produsert. Ettersom Holberprosjektet – på lik linje med extended essay – som regel er den lengste og mest omfattande teksten elevane har skrive så langt i livet, tenkte vi at også dette kunne ha overføringsverdi i samband med Holbergprisen i skulen.

### 1.3 Nokre særtrekk ved prosjektet vårt

Vi har ikkje funne opp krutet på nytt. Men vi har tatt nokre grep i gjennomføringa av dette prosjektet som eg meiner var vellukka, og som kanskje kan vere til inspirasjon for andre seinare. Vi har sett av ein del tid til refleksjon gjennom heile prosessen, og slik lagt opp til at elevane får reflektere over etikk, metodeval og eiga læring både skriftleg og munnleg, aleine, i grupper og i samtale med rettleiarar. Vi har også gjennomført dette som ei prosessoppgåve, med tilbakemelding frå lærar og forskarkontakt på mange ulike tidspunkt. Alle elevar har levert eit fullstendig førsteutkast som dei har fått tilbakemelding på. I det følgjande kjem eg til å fokusere på refleksjon, og korleis bruk av refleksjon kan ha bidratt til djupnelæring og kritisk tenking. Men først litt om den praktiske gjennomføringa.

## 2. ORGANISERING AV HOLBERGPROSJEKTET

Elevane fekk vite om Holbergprosjektet med ein gong vi fekk bekrefta at vi var valt ut som deltakarskule, men då i svært grove trekk. Vi passa på å minne dei om det innimellom, og la inn spørsmål om forskning og metode her og der for å setje i gang refleksjonen. Korleis kan vi forske på dette? Kva for ein metode har dei brukt for å kome fram til dette? Kan det vere andre årsaker til desse funna?

Vi starta med små drypp om Holbergprosjektet tidleg på hausten, og brukte ein fagdag på førebuing av prosjektet i november. Då var fokuset på å finne ei god problemstilling og å sjå samanhengen mellom problemstilling og metode. Elevane fekk idemyldre i grupper og presentere nokre forslag til problemstillingar og metode til klassen. I etterkant av denne dagen leverte dei det første refleksjonsnotatet, der dei både skulle reflektere over forventningar til prosjektet, kva dei ville jobbe med og seie noko om kven dei ville jobbe saman med – eller om dei ønska å jobbe aleine.

Dette med danning av grupper var noko vi brukte mykje tid på, og som eg opplever som eitt av dei viktigaste kriteria for suksess i eit slikt arbeid. Det er alltid krevjande å setje saman velfungerande grupper. Vi opplevde det som ekstra viktig i eit så omfattande og krevjande prosjekt som i tillegg til å vere ein viktig vurderingssituasjon også er knytt til ein nasjonal konkurranse – med pengepremiar! Vi ønska at alle elevane skulle få jobbe på grupper dersom dei ønska det, men opna også for å jobbe individuelt. Vi ville også sikre at alle vart inkluderte og at gruppene fungerte best mogeleg. For å få til dette, brukte vi elevane sine refleksjonsnotat frå fagdagen (der dei mellom anna hadde oppgitt kven dei ville jobbe saman med) og individuelle samtalar med alle elevane for å forsøke å lage gode grupper. Resultatet vart eit kompromiss mellom lærarstyring og fritt val, og vi opplevde at det fungerte godt i dei aller fleste tilfella.

Ei stund etter fagdagen hadde vi også besøk frå sekretariatet. No var gruppene stort sett klare, og dei hadde jobba med å utarbeide problemstillingar og knyte desse til metode. Eg trur nok det å vere med i ein nasjonal konkurranse har vore ein stor motivasjonsfaktor for mange av elevane. Det å møte nokon som jobba i stiftinga Holbergprisen og diskutere idear og metode med henne, var nok både nyttig og inspirerande for elevane. Ikkje berre fekk dei eit sett friske auge på problemstillingane sine, men dei fekk erfare at dei var ein del av noko større.

I januar sette vi i gang for alvor (sjå plan i vedlegg 1). Vi forsøkte å ha eitt sentralt fokus per veke – problemstilling i veke 1, metode i veke 2 osv. I tillegg la vi opp til nokre innleveringar undervegs, ikkje minst for å sørge for ein viss progresjon i arbeidet og unngå for mykje skippertak mot slutten av prosessen. Rapportane, som i all hovudsak var resultat av gruppearbeid, skulle vurderast med karakter. Det å gi karakterar til ei gruppe er alltid utfordrande, ikkje minst i eit såpass omfattande prosjekt som

dette. Det vil alltid vere enkelte grupper der nokre elevar opplever å ha bidratt meir enn andre, eller der gruppedynamikken har gjort arbeidet ekstra krevjande. Mellom anna for å bøte litt på denne problematikken, la vi opp til tre individuelle refleksjonar (sjå vedlegg 2-4) gjennom prosessen: ein heilt i starten, ei større refleksjonsoppgåve omtrent i midten av prosessen, og ei refleksjonsoppgåve etter at førsteutkastet var levert inn. Den andre refleksjonsoppgåva fokuserte på refleksjonar rundt metodeval, og vart vurdert med karakter. Dette med refleksjon vil eg kome tilbake til seinare i rapporten.

Eit anna grep vi tok, og som eg syns fungerte godt, var bruken av det vi valte å kalle «etisk komité» (sjå vedlegg 5). Her gjekk elevane saman i mindre grupper der dei presenterte prosjektplanen sin, og fekk tilbakemelding på etiske problemstillingar og metodeval frå medelevar. Nok ein gong var målet refleksjon; vi ville at elevane skulle få rom til å tenke over sider ved prosjektet sitt som kanskje elles forsvinn i alle dei praktiske detaljane.

## **2.1. Å forske i ein pandemi og andre pedagogiske utfordringar**

Koronapandemien har gjennomsyra det meste det siste året, og vi kjem ikkje heilt unna her heller. Både planlegging og gjennomføring har vore prega av smittevernstiltak, og mange av problemstillingane har vore tydeleg inspirerte av periodane med heimeskule.

Første veka i januar, då vi altså skulle setje i gang med prosjektet for alvor, vart det innført rødt nivå i vidaregåande skular i heile landet. Siste søndagskvelden i juleferien måtte vi – som dei fleste andre lærarane i landet – kaste om på planar og tenke nytt. Igjen. I første omgang vart vi litt frustrerte over at det planlagde besøket av forskarkontakten vår på fagdagen i veke 1 måtte bli heildigitalt. Faktisk har alle møta med forskarkontakten vår (både lærarar og elevar) vore gjennomførte digitalt. Og sjølv om vi håpar at det ikkje blir normalen framover, har det fungert overraskande bra. Ikkje minst har tilbakemeldinga til enkeltelevar og grupper fungert svært godt digitalt. I dei tilfella der elevane var heime, tok det minimalt med tid i bytte mellom gruppene – i motsetnad til ei skulesetting der ein ofte er avhengig av at elevane går mellom ulike rom. Dei gongane elevane var på skulen og skulle snakke med forskarkontakta via Teams, reserverte vi berre eit klasserom, sette opp ein PC der, og lot elevane gå inn etter tur – med den etter kvart så automatiserte vaskinga mellom kvar gruppe. Inntrykket vårt er at dette har fungert godt, og kommentarane vi har fått frå elevar og forskarkontakt støttar opp under dette. Likevel er det klart at tradisjonelle førelesingar ikkje får det dialogiske preget som vi ofte er ute etter når det skjer via skjerm, og det er ofte tungt å gjennomføre desse øktene digitalt. Vi forsøkte å løyse dette gjennom å gjere øktene så korte som mogeleg, og heller bruke meir tid i mindre grupper – både reine elevgrupper og samtalar mellom elevar og lærarar/forskarkontakt.

Koronarestriksjonane var også med å påverke prosjekta til elevane. For det første valde mange problemstillingar med klar samanheng til erfaringane med heimeskule og den nye, hyperdigitale kvardagen mange har fått. I tillegg var restriksjonane med på å tvinge sjølve forskinga over i eit digitalt format – i form av digitale spørjeundersøkingar og intervju over teams. Etersom vi starta prosjektet i ein periode med rødt nivå på skulane i vår region, planla elevane for strenge smittevernsrestriksjonar for frå starten av. Det gjorde truleg sitt til at få elevar måtte endre planar undervegs, og gjennomføringa av prosjekta gjekk i all hovudsak som planlagt.

### 3. REFLEKSJON, DJUPNELÆRING OG KRITISK TENKING

*Reflective practice [...] can be seen as both a structure to aid critical thinking and improve existing understanding and a method for promoting autonomous and deep learning through enquiry (Clegg, 2012)*

Forskningsprosessen i Holbergprisen kan seiast å vere djupnelæring i praksis – slik det også vart hevda i ein tidlegare lærarrapport til Holbergprisen i skulen (Marit Frydenlund, 2019). UDIR definerer djupnelæring som «...det å gradvis utvikle kunnskap og varig forståelse av begreper, metoder og sammenhenger i fag og mellom fagområder. Det innebærer at vi reflekterer over egen læring og bruker det vi har lært på ulike måter i kjente og ukjente situasjoner, alene eller sammen med andre» (UDIR, 2019). I sjølvstendig arbeid med forskning ligg det absolutt eit potensiale for å utvikle varig forståing av «omgrep, metodar og samanhengar». Eg vil likevel hevde at verken det å bruke lang tid eller det å bruke elevaktive metodar i seg sjølv er ein garanti for å oppnå djupnelæring. Definisjonen frå UDIR peiker på refleksjon som ein faktor som kan auke sjansane for å oppnå ein slik type forståing. Refleksjon vert også trekt fram som eit sentralt prinsipp for læring, utvikling og danning, under overskrifta «å lære å lære» (UDIR, u.d.). Gjennom refleksjon kan ein bli meir bevisst eigne læringsprosessar, noko som igjen kan føre til djupare innsikt, sjølvstende og ei kjensle av meistring.

I artikkelen «Improving learning through reflection – part one» utdjupar Karen Clegg frå University of York korleis refleksjon kan brukast som metode i arbeid med studentar. Clegg forstår læring som eit nettverk av idear, og hevdar at ein gjennom refleksjon kan skape ein struktur som gjer det lettare å skilje dei sentrale ideane frå dei meir perifere. Dermed kan refleksjon føre til ei betre forståing ikkje berre av kunnskapen i seg sjølv, men også samanhengane i og mellom fag. Ho peikar på reflektive praksisar som ein metode for å utvikle djupnelæring, mellom anna fordi ein gjennom refleksjon legg til rette for sjølvstendig tenking. Når studentar (eller elevar i vårt tilfelle) må formulere refleksjonane sine



skriftleg eller munnleg, vil det kunne auke sjølvtilitt og forståing av eigne ferdigheiter (Clegg, 2012). Refleksjon kan altså sjåast på som ei bru mellom eigne erfaringar og djupnelæring.

Det å måtte formulere eigne refleksjonar gir eleven eit rom for å tenke på metanivå, noko som står sentralt i kritisk tenking. I overordna del av læreplanen kan vi lese følgjande om kritisk tenking: *Kritisk og vitenskapelig tenkning innebærer å bruke fornuften på en undersøkende og systematisk måte i møte med konkrete praktiske utfordringer, fenomener, ytringer og kunnskapsformer.* (UDIR, u.d.). Ein slik *undersøkande bruk av fornufta* kan ein mellom anna oppnå gjennom å reflektere over eiga forskning. I Holbergprosjektet brukte vi refleksjon som metode for å prøve å skape forståing og ny innsikt, særleg knytt til metodiske val og etikk.

### 3.1. Refleksjon i Holbergprosjektet

I løpet av Holbergprosjektet har elevane levert tre formelle refleksjonsnotat (sjå vedlegg 2-4). Vi hadde fleire mål med desse refleksjonane. For det første ville vi at dei skulle få tid og rom til å tenke over vurderingane dei gjorde undervegs. Elevane våre har travle dagar, mange vurderingar og stiller ofte høge krav til seg sjølv. Då er det ikkje alltid like opplagt å sette av tid til å reflektere over prosessen dei går gjennom, og vala dei tar. Gjennom desse formelle refleksjonane ville vi legge til rette for å ta eit steg tilbake og tenke over prosessen, vala sine, og si eiga læring.

I tillegg hadde refleksjonsnotata fleire meir praktiske sider. Gjennom å få innsikt i elevane sine ønske og tankar før prosessen starta, var det lettare for oss å legge til rette for gode grupper og tilpasse opplegget til motivasjon og engasjement hos elevane. Den andre refleksjonen fungerte som ein del av vurderinga, og var ein måte å omgå utfordringane med gruppevurdering på. Her fekk vi eit godt innblikk i elevane sine refleksjonar rundt problemstilling og metodeval, og kunne lettare sjå individuelle skilnader i kvar gruppe. Siste refleksjon var sterkt inspirert av *viva voce* (siste refleksjonssamtale etter extended essay på IB), og hadde som hovudmål å bevisstgjere elevane på eigen læringsprosess. Eg vil i det følgjande gå litt nærare inn på kvar av desse refleksjonane.

#### 3.1. Første refleksjon: refleksjon etter fagdag

Etter fagdagen i november leverte alle ein kort tekst der dei reflekterte over prosjektet. I desse refleksjonane vart dei spurt om kva dei gledde seg til, kva dei var spente på, kva dei kunne tenke seg å jobbe med, og korleis dei ser på det å skulle jobbe i grupper. Gjennomgåande er svara korte, gjerne ei setning eller to til kvart spørsmål. Formuleringar som «eg er spent på korleis det vil gå» og «trur det kjem til å bli lærerikt» går igjen, og mange elevar uttrykkjer at dei gler seg til å få lov å gå i djupna på eitt enkelt, sjølvvalt emne. Mange uttrykkjer også at dei er veldig spente på korleis det skal gå å skrive

ein så lang rapport. I tillegg får vi nyttig informasjon om gruppedanning, slik håpet var.

### 3.2. Andre refleksjon: problemstilling, metode, etikk og validitet

Andre refleksjon var som nemnt også ein vurderingssituasjon. Det kan sikkert diskuteras i kva grad det er hensiktsmessig å vurdere elevrefleksjonar, men totalt sett syns vi dette fungerte bra. Elevane fekk bruke ein klokke time i klasserommet på oppgåva, og hadde tilgang til læreboka som kjelde. Målet vårt var jo ikkje å sjekke at dei hugsa fagomgrepa, men at dei klarte å bruke dei til å utvikle forskingsarbeidet sitt.

Eg opplevde denne oppgåva som vellukka. Refleksjonsnivået var gjennomgåande høgt, og dei aller fleste reflekterte godt rundt samanhengen mellom problemstilling og metodeval, feilkjelder, etikk, validitet og reliabilitet. Mange av desse omgrepa kan vere vanskelege å få tak på, så det var ei glede å sjå at dei meistra dette i så stor grad. Eg trur det å setje av tid til denne type refleksjonar har stor verdi. Ikkje berre fekk vi betre innsikt i refleksjonsnivået hos kvar enkelt elev, men elevane vart også tvinga til å stoppe opp og sjå på eige prosjekt i fugleperspektiv.

Dette tenker eg er eit godt døme på djupnelæring i praksis. Litt karikert kan ein seie at elevane ofte blir presenterte for omgrep som kvalitativ, kvantitativ, reliabilitet, validitet, feilkjelder osv. i metodekapittelet i læreboka i starten av skuleåret, før dei får lov å starte med det «skikkelege» fagstoffet. Forskingsmetode lausrive frå sjølve forskinga opplevast gjerne som knusktørt og vanskeleg. Gjennom å forske sjølv, endrar dette biletet seg. Omgrepa blir meir relevante, og får konkrete, praktiske konsekvensar. Men det å forske sjølv er likevel ikkje ein garanti for at ein får desse kompliserte metodiske omgrepa under huda, og eg har sett fleire døme på elevforskning som ikkje såg ut til å føre til større forståing av metode. Refleksjonen fungerer her som ei bru mellom eigen praksis og meir teoretisk kunnskap om forskning.

Nettopp denne refleksjonen rundt val av metode og etiske problemstillingar er sentral også i overordna del av læreplanen. Her blir det mellom anna presisert at opplæringa skal (...) *skape en forståelse av at metodene for å undersøke virkeligheten må tilpasses det vi ønsker å studere, og at valg av metode påvirker det vi ser* (UDIR, u.d.). Kapittelet vektlegg at elevane skal kunne tenke kritisk om korleis kunnskap oppstår, og forstå og ta høgde for at eigne standpunkt kan vere ufullstendige eller ukorrekte. I tillegg skal opplæringa utvikle elevane som etiske tenkarar. Det er openbart at kritisk tenking og refleksjon heng tett saman, men der eg oppfattar kritisk tenking som ei ferdigheit og eit mål for opplæringa, kan refleksjon fungere som ein metode og eit verktøy for å utvikle nettopp kritisk tenking.

### 3.3. Siste refleksjon: utvikling og sjølvtilitt

Siste refleksjon (vedlegg 4) vart gjennomført første timen etter innlevering av førsteutkastet, og var som nemnt sterkt inspirert av *viva voce* på IB. Men der *viva voce* er ein samtale mellom lærar og elev etter siste innlevering, valde vi å gjere denne refleksjonen skriftleg. Vi valde også å gjennomføre refleksjonen etter førsteutkastet – først og fremst av praktiske årsaker. Målet med siste refleksjon var å gi elevane eit rom for å reflektere over eiga læring og utvikling gjennom prosjektet, samtidig som vi var interesserte i erfaringane til elevane for å vidareutvikle eigen pedagogisk praksis. Eg tenker også at vi gjennom å la elevane stoppe opp og reflektere over kva dei har lært, kva som har vore vanskeleg, korleis dei har løyst det og kva dei er stolte over, kan vere med å styrke elevane sin sjølvtilitt.

For dei fleste elevane våre er dette den mest omfattande oppgåva dei nokon gong har skrive, og eg trur det er viktig å reflektere over denne erfaringa for å få fullt utbytte av den. Det å setje ord på det krevjande, uoversiktlege og kaotiske ved prosessen, og stoltheita over å likevel ha kome i mål, legg grunnlaget for ein sjølvtilitt og eit syn på læring som prosess som dei vil ha nytte av vidare i utdanningsløpet. Eg vil i det følgjande sjå nærare på nokre av refleksjonstekstane, og framheve nokre moment som går igjen hos mange elevar. Alle elevar som blir siterte her har gitt meg løyve til å gi att utdrag frå tekstane sine.

Fleire av elevane reflekterer over korleis dei har blitt bevisste på eigne læringsstrategiar gjennom prosessen. Elev 1 skriv:

*Jeg har en tendens til å sette ting på pause når det blir vanskelig. Gjennom prosjektet har det vært vanskelige ting jeg ikke har hatt lyst å gjøre, for eksempel å introdusere og «selge inn» forskningen min til lærerne. Jeg har forstått at jeg kan bygge ting opp til noe større og skumlere enn det egentlig er, og at det lureste for min del er å bare begynne, uten å tenke så mye mer over det. Dette mener jeg er en god egenskap å ha med seg.*

Desse refleksjonane knytt til eigne læringsstrategiar og mønster trur eg er nyttig. Gjennom å identifisere eit lite konstruktivt mønster hos seg sjølv, aukar sjansane for at eleven også finn gode strategiar for å motverke tendensen til prokrastinering i neste omgang. Det er sjølv sagt mogeleg at eleven uansett ville kome fram til ei erkjenning av dette før eller seinare. Likevel trur eg det å leggje til rette for denne typen refleksjonar kan opne for at fleire elevar blir bevisste på eigne mønster.

Fleire elevar uttrykkjer også at prosessen har ført til auka sjølvtilitt når det gjeld å forske og å skrive lengre tekstar. Elev 3 skriv:

*Det jeg har lært om meg selv i denne prosessen er at jeg får til om jeg vil. Jeg har også lært at jeg har lettere for å holde meg motivert enn det jeg tidligere har trodd. Jeg har også lært mye om skrivning, at jeg er bedre til å skrive enn det jeg trodde.*

Fleire av elevane underbyggjer denne kjensla av stoltheit og auka sjølvtilit. Nokre legg vekt på at dei har klart noko dei ikkje før trudde dei skulle klare, ikkje minst går dette med å skrive ein så lang tekst igjen som eit viktig moment her. Elev 4 skriv:

*Bare det å skrive en så omfattende tekst er noe som har forbedret meg enormt til senere oppgaver eller forskningsprosjekter, og gjort at jeg har blitt bedre å skrive, reflektere og analysere.*

Mange legg også vekt på samarbeidsevnene dei har brukt og utvikla under arbeidet, og uttrykkjer stoltheit over at dei har klart å samarbeide over lang tid og i ein krevjande prosess.

Refleksjonsnotata underbyggjer også påstanden min om at denne typen prosjekt kan føre til djupnelæring. Fleire av elevane peikar mellom anna på korleis fagomgrepa gir meir meining når dei blir sette i ein kontekst. Elev 2 skriv mellom anna:

*[...] jeg har fått en forståelse av hva metode i forskning betyr. Dette har jeg ikke skjønt tidligere. Kvantitative eller kvalitativ metode var to helt ukjente begrep for meg i begynnelsen av dette prosjektet. Jeg husker for eksempel jeg ikke klarte å skjønne hva forskjellen på disse metodene var, og egentlig hørtes de jo ganske like ut for meg. Hvordan skulle jeg huske forskjellen? Det har jeg skjønt nå i etterkant av prosjektet, at det er to ulike metoder, hvor man egentlig får svar på to helt ulike måter. Jeg er veldig glad for at vi har hatt et slikt prosjekt, for jeg tror at dette er en erfaring jeg alltid kommer til å huske.*

Her ser vi tydeleg korleis dei abstrakte omgrepa får liv og meining når dei blir brukt i praksis. Denne erkjenninga kunne eleven sjølv sagt kome fram til også utan refleksjon som mellomledd. Men eg trur likevel at det å gi elevane tid og rom til å tenke over kva dei har lært, kan vere med på å strukturere erfaringane og skape refleksjon på eit meir overordna nivå. Elev 2 sin kunnskap om omgrep som kvantitativ og kvalitativ metode ville truleg blitt styrka uansett om vi reflekterte i etterkant eller ikkje. Men gjennom å stoppe opp og bli «tvinga» til å reflektere, kan det vere at eleven også lærer noko om si eiga læring.

Fleire elevar understrekar også det positive ved å kunne fordjupe seg i eit sjølvvalt emne. Elev 3 skriv:

*Det som har vært mest interessant er å sette seg så dypt i et tema som faktisk er spennende. Jeg har jo vært borti det å fordype seg i det tema, men denne gangen var det et tema som faktisk var spennende. Det var noe av det mest interessante jeg opplevde, jeg gjorde ikke oppgaven fordi jeg måtte, men fordi jeg ville. Det var veldig interessant å jobbe frivillig med skole, ikke fordi jeg måtte bli fort ferdig, men fordi det genuint interesserte meg.*

Det å kunne leggje til rette for denne typen opplevingar, er sjølv sagt ei stor glede for ein lærar. Når nysgjerrigheit og eigne interesser kan fungere som drivkraft i ei skuleoppgåve, vil det sjølv sagt gjere noko med eleven sin motivasjon. Denne erfaringa kan vere nyttig vidare i studieløpet, og kanskje gjere det litt lettare å ta fatt på eit større skuleprosjekt neste gong.

Samtidig er det viktig å understreke at langt frå alle elevar opplevde denne prosessen som ein-sidig positiv. Dei aller fleste nemner periodar med frustrasjon og utfordringar, særleg knytt praktiske tilhøve, som heimeskule, smittevern og manglande svar frå potensielle respondentar. Mange har også streva med å finne relevant forskning på feltet, noko vi la inn som eit krav i skissa til prosjektplan (vedlegg 6). I tillegg har mange av elevane som valte kvantitativ metode opplevd analyseprosessen som vanskeleg.

Nokre av desse utfordringane kunne eg nok i enda større grad førebyggd gjennom betre forklaringar og gjennomgang i forkant, og gjennom å straumlinjeforme opplegget i enda større grad. Samtidig trur eg desse meir negative erfaringane kan vere nyttige – og kanskje vel så nyttige som dei positive erfaringane. Eg trur mange elevar har godt av å erfare det litt rotete og kaotiske ved ein forskings- eller skriveprosess. Ofte opplever eg at elevar har ei forventning om at til dømes tekstskriving skal vere eit lineært prosjekt – at ein skal starte med innleiinga, og skrive seg fram til konklusjonen utan å måtte omformulere noko undervegs. Dette fungerer nok for mange på relativt korte tekstar, men blir sjølvstans vanskelegare etter kvart som dei gir seg i kast med meir kompliserte prosjekt. Eg trur det er nyttig for elevane å erfare dette på vidaregåande, og å reflektere over gode strategiar for å kome vidare når prosessen er på sitt mest kaotiske.

#### 4. KONKLUSJON

Holbergprosjektet har tatt eit solid jafs av undervisningstimane i sosiologi og sosialantropologi dette skuleåret. Kan denne tidsbruken forsvarast? Kva har elevane lært gjennom dette prosjektet som dei ikkje ville lært i vanleg undervisning? Eg vil hevde at prosjektet i all hovudsak har vore vellukka, og at elevane har kome ut på den andre sida med nokre nye innsikter som dei kjem til å få bruk for vidare i livet.

Gjennom elevrefleksjonane har eg fått eit innblikk i korleis elevane har utvikla seg gjennom prosessen. Det er liten tvil om at for mange av elevane har dette vore ein utfordrande periode. For dei fleste har prosessen til tider vore kaotisk, og alle har på eitt eller anna tidspunkt fått kjenne på frustrasjonen ved å stå fast eller måtte starte på nytt. Denne typen erfaringar kan vere krevjande, og for nokre elevar har kanskje summen av krava Holbergprosjektet og dei andre krava i skulekvardagen vore i overkant i periodar. Samtidig trur eg det å gå gjennom ein slik prosess, og ikkje minst det å reflektere over eiga læring undervegs, er svært fruktbart. Det å reflektere over eigne læringsstrategiar i møte med større oppgåver kan føre til at dei møter neste store oppgåve med meir hensiktsmessige strategiar og større sjølvtrillit. Skal vi tru elevrefleksjonane, er det nettopp dette som har skjedd med mange av elevane gjennom Holbergprosjektet.

Bruken av formelle refleksjonar undervegs er i det heile tatt eit grep som ser ut til å ha virka etter hensikta. Elevtekstane viser ei tydeleg utvikling i refleksjonsnivå frå første til siste refleksjonsnotat. Ikkje minst ser det ut til at elevane si forståing av metode i samfunnsfaga og av eigne læringsstrategiar har auka i perioden. Det gir god mening å snakke om dette som djupnelæring. Gradvis og over tid har dei fått utvikle kunnskap og varig forståing av omgrep, metodar og samanhengar i faget, og dei har fått bruke fagstoffet i ukjente situasjonar. I tillegg har dei også brukt ein del tid på å reflektere over eiga læring (mi parafrasering av UDIR, 2019).

Eg trur også at det å få førstehandserfaring med å forske er viktig for å utvikle kritisk tenking. Til dømes har mange av elevane fått erfare kor viktig det er å formulere spørsmåla godt i ei kvantitativ spørjeundersøking. Det å erfare kor mange faktorar som kan spele inn i eit forskingsprosjekt, og å reflektere over feilkjelder, vil kunne gjere elevane betre rusta til å møte forskning med sunn skepsis og kritiske spørsmål. I ei verd som ofte blir omtalt som postfaktuell, og der mengda av informasjon og forskning av varierende kvalitet kan vere overveldande, kjem slike erfaringar svært godt med.

## BIBLIOGRAFI

- Clegg, K. (2012). *Improving learning through reflection - part one*. The higher education academy. Retrieved from [https://d1wqtxts1xzle7.cloudfront.net/35458262/reflectionpt1.pdf?1415348544=&response-content-disposition=inline%3B+filename%3DImproving\\_learning\\_through\\_reflection\\_pa.pdf&Expires=1618304073&Signature=XBNIPVDiHUv7qw2005hRByTe4KexGLV-6R4~qjKrnQIRNDmVTUMhcd](https://d1wqtxts1xzle7.cloudfront.net/35458262/reflectionpt1.pdf?1415348544=&response-content-disposition=inline%3B+filename%3DImproving_learning_through_reflection_pa.pdf&Expires=1618304073&Signature=XBNIPVDiHUv7qw2005hRByTe4KexGLV-6R4~qjKrnQIRNDmVTUMhcd).
- Marit Frydenlund, S. B. (2019). *Holbergprisen i skolen - dybdelæring i praksis?* Blindern videregående skole.
- UDIR. (2019, 03 13). *Utanningsdirektoratet*. Retrieved from Dybdelæring: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/dybdelaring/>
- UDIR. (n.d.). *Utdanningsdirektoratet*. Retrieved from Kritisk tenkning og etisk bevissthet: <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/opplaringens-verdigrunnlag/1.3-kritisk-tenkning-og-etisk-bevissthet/?lang=nob>

## VEDLEGG

### Vedlegg 1: plan for prosjektet

# Holbergprosjektet 2020-21

#### **Veke 1: oppstart og problemformulering**

Tysdag: Førelesing: korleis formulere ei god problemstilling?

Torsdag: arbeid i gruppene med problemformuleringar. **Innlevering: førebels problemstilling.**

Fagdag fredag: besøk 1 av forskarkontakt.

#### **Veke 2: arbeid med metode**

Torsdag 13.1: 5-8 time (teams): Meir om metode/undersøking, analyseprosessen og forskningsetikk (plenum/alle). Arbeid i gruppene med fullføring av prosjekt plan og utkast til undersøking. Ver klar i Teams rommet for Holbergprosjektet kl. 1150

**Innlevering: prosjektplan og utkast til undersøking**

#### **Veke 3: utforming av undersøkinga**

Besøk 2 av forskarkontakt som gjer tilbakemelding på utkast til undersøkinga.

Tidspunkt avhengig av om skulen opererer med raudt nivå eller ikkje. Følg med på info.

#### **Veke 4: ferdigstilling av undersøking**

Etisk komité/fagfelle vurdering

Vurdering torsdag 28. februar: refleksjonsnotat. Drøft fordelar og ulemper ved metoden du har valt.

**Innlevering: spørjeskjema/intervjuguide**

#### **Veke 5: gjennomføring av undersøkinga denne veka!**

**Siste frist for datainnsamling: 5. februar**

#### **Veke 6: analyseprosessen**

Besøk 3 av forskarkontakt: analyseprosessen

#### **Veke 7: analyse/rapportskriving**

Førelesing: tips til rapporten

Vidare arbeid med analyse

#### **Veke 8: vinterferie**

#### **Veke 9: ferdigstilling og innlevering**

**Innlevering av ferdig rapport torsdag 4. mars**

**Frivillig andre innlevering av rapporten før påske**

## Vedlegg 2: spørsmål til første refleksjonsoppgåve

- Kva gler du deg til med dette prosjektet?
- Kva er du spent på?
- Kva kunne du tenke deg å jobbe med?
- Korleis tenker du om å jobbe i grupper? Er det nokon spesielle du gjerne kunne tenke deg å jobbe saman med?

## Vedlegg 3: andre refleksjonsoppgåve Refleksjonsoppgåve Holbergprosjektet

60 min

Skriv ein tekst der du reflekterer over spørsmåla under. Bruk gjerne kap. 2 i læreboka som støtte.

- Identifiser metoden din: Kvalitativ/kvantitativ metode?
- Kvifor har du/de valt akkurat denne metoden for å svare på problemstillinga?
- Kva for utfordringar gir denne metoden når du skal svare på dette spørsmålet?
- Kva for etiske utfordringar ser du med prosjektet? Korleis vil de løyse dei?
- Kva for potensielle feilkjelder ser ved prosjektet? Korleis vil de sikre at resultatata er valide og reliable (sjå s. 48 i læreboka/PP frå torsdag 14.1.)?

### Vurderingskriterier

Høg måloppnåing:

- Fagleg grunngjeving av vurderingane
- Nyanserte og sjølvstendige refleksjonar
- Val av metode er tydeleg knytt til problemstilling

Middels måloppnåing:

- Dei fleste vurderingane er grunngjevne
- Vurderingane kan vere generelle, og ikkje knytt direkte til eleven sitt prosjekt
- Nokre sjølvstendige refleksjonar

Låg måloppnåing:

- Har kunnskap om eige prosjekt, men vurderingane er ikkje godt grunngivne/ikkje knytt til kunnskap om metode i samfunnsfaga
- Ser i liten grad fordelar/ulempar ved eigen metode



## Vedlegg 4: refleksjonar etter innlevering av førsteutkast

### Refleksjon etter Holbergprosjektet

- Kva har vore mest utfordrande/frustrerande med dette prosjektet?
- Fortel om ei utfordring du støtte på, og korleis du løyste den.
- Kva har du lært om deg sjølv i denne prosessen? Trur du du kjem til å få bruk for noko av det du lærte i denne prosessen seinare i livet?
- Har arbeidet med prosjektet endra ditt syn på forskning? Svar med ei kort grunngjeving.
- Kva har vore mest interessant?
- Kva er du mest stolt av?
- 

## Vedlegg 5: etisk komité

### Etisk komité/fagfellevurdering

To og to grupper går saman om å presentere og gi tilbakemelding. Ta utgangspunkt i prosjektskissa når de presenterer.

Gi tilbakemelding på:

- Etikk:
  - Fritt informert samtykke
  - Anonymitet og konfidensialitet
  - Unngå skade: sensitive emne, ubehag
  - Rett til å trekkje seg når som helst
  - Sosiale konsekvensar
  - Behandling av sensitive opplysningar
  - Openheit om metode
  - Etterretteleg bruk av informasjon
- Praktiske problemstillingar
  - Finst det ein klar plan for gjennomføring?
  - Er planen realistisk?
  - Kva for materiell trengst?
  - Korleis skal undersøkinga gjennomførast på ein god måte med tanke på smittevern?
- Validitet: kor god er samanhengen mellom problemstillinga og spørsmåla? Kjem de til å få den informasjonen de treng for å finne svar på problemstillinga?
- Kopling til teori/tidlegare forskning: er det ein tydeleg samanheng?
- Evt. andre spørsmål/idear

## Vedlegg 6: prosjektskisse

### Skisse til prosjektplan

Emne	<i>Skriv ned området du har lyst å jobbe med (t.d. «likestilling i arbeidslivet»)</i>
Grunngjeving for emneval	<i>Kvifor vil du jobbe med akkurat dette? Grunngjevinga kan vere basert på egne interesser, men ta gjerne med meir teoretiske årsaker også (kva for forskning og teori finst på feltet? Har du oppdaga eit «hol» i eksisterande forskning?)</i>
Bakgrunnsstudiar og teori	<i>Kva for kjelder har du funne som kan vere relevante for prosjektet ditt? Korleis tenker du å bruke desse?</i>
Kompetansemål	<i>Skriv ned det/dei kompetansemåla som passar best til forskingsprosjektet ditt (sjå bak i læreboka).</i>
Førebels problemstilling	<i>Skriv ned problemstillinga di slik den er no. Du kan gjerne skrive ned to alternative problemstillingar dersom du ikkje er heilt sikker enno. Tips til problemstilling: <a href="https://holberqprisen.no/nb/holberqprisen-i-skolen/1-valg-av-tema-og-problemstilling">https://holberqprisen.no/nb/holberqprisen-i-skolen/1-valg-av-tema-og-problemstilling</a></i>
Forslag til metode	<i>Korleis kan du forske på problemstillinga di? Skriv ned tankane du har om metode. Du kan gjerne kome med fleire ulike forslag. Sjå <a href="https://holberqprisen.no/nb/holberqprisen-i-skolen/2-metode-og-forskningsdesign">https://holberqprisen.no/nb/holberqprisen-i-skolen/2-metode-og-forskningsdesign</a> og <a href="https://holberqprisen.no/nb/holberqprisen-i-skolen/3-innsamling-og-bearbeiding-av-empiri">https://holberqprisen.no/nb/holberqprisen-i-skolen/3-innsamling-og-bearbeiding-av-empiri</a></i>
Kven vil du forske på?	<i>Kva for ein populasjon er du interessert i å vite meir om? Kva for eit utval vil du bruke? Sjå <a href="https://holberqprisen.no/nb/holberqprisen-i-skolen/hvem-og-hvormange">https://holberqprisen.no/nb/holberqprisen-i-skolen/hvem-og-hvormange</a></i>
Etiske problemstillingar	<i>Kva kan vere etiske problemstillingar ved prosjektet ditt? Vanlege etiske problemstillingar du bør tenke over er anonymitet og konfidensialitet, informert samtykke, omsyn til sensitive tema (NB:helsesdata krev særleg søknad og er ikkje mogeleg å bruke i dette prosjektet), ubehag for informantane, at informantane skal kunne kjenne seg att i framstillinga du gir av dei etc. Sjå <a href="https://holberqprisen.no/nb/holberqprisen-i-skolen/forskningsetikk">https://holberqprisen.no/nb/holberqprisen-i-skolen/forskningsetikk</a></i>
Praktiske utfordringar	<i>Korleis skal du gjennomføre prosjektet reint praktisk? Kva for utstyr treng du? Korleis skal du få tak i informantar? Når skal du gjennomføre studien? Tenk mellom anna på korleis du kan gjennomføre prosjektet dersom smitteverntiltaka blir utvida/innskjerpa. Kan du gjennomføre delar av opplegget digitalt/over telefon?</i>
Potensielle feilkjelder	<i>Korleis kan du sikre deg at du faktisk får svar på det du lurar på? Her er det mange utfordringar. Er spørsmåla godt utforma, slik at alle informantane forstår dei på same måte? Vil dei gi svar på det du faktisk skal forske på (validitet)? Korleis påverkar dine forventningar og di forforståing tolkinga di? Sjå <a href="https://holberqprisen.no/nb/holberqprisen-i-skolen/4-analyse-og-tolking-av-det-empiriske-materialet">https://holberqprisen.no/nb/holberqprisen-i-skolen/4-analyse-og-tolking-av-det-empiriske-materialet</a></i>
Kva er du usikker på?	<i>Skriv ned eventuelle spørsmål og ting du er usikker på.</i>